




XV 01
Tilhorn


TORLEIV HANNAAS
Nynorsk Boksamling



TORLEIV HANNAAS

O. A. SKAAR
BOKSENDERI
DALE I SUNNFJORD






XV 21

[Andres Berge]

SENATOR
KNUTE NELSON



Ved avdukingshøgtidi
av monumentet paa
Evanger 6. juli 1924.

VOSS BOKTRYKKERI - VOSS

PROGRAM

for avdukingshøgtidi av Knute Nelson-
bautaen paa Evanger sundag 6. juli 1924

-
- Kl. 10. Preik i kyrkja.
" 12. Avdukingshøgtidi med tale av høg-
skulestyrar Eskeland. Etter avdukingi
tale av den amerikanske ministar
Svenson og truleg fleire.
" 4. Festmiddag i ungdomshallen. Talar,
song.
" 7½ Spelstykket „Gamlelandet“ av Bjørgum
ungdomslag. Seinare folkeviseleik og
ymse moro.
-

Musikk av Dale musikklag.
Matsalen open heile dagen.





Senator Knute Nelson vart ein av dei mest vidgjetne nordmenn. Her heime kjenner alle namnet hans, og i Amerika, der han budde og gjorde livsverket sitt, der vart han fulla endaa meir namngjeten.

Knute Nelson var fødd i Evanger den 2. februar 1842. Foreldri var bondefolk. Mori heitte Ingebjørg Halldorsdotter Kvilekvaal og faren Helge Knutson Slyve. Det vende seg snart, soleis til at mori stod aaleine med guten sin, og daa ho ikkje hadde noko aa halda seg til her i landet, raadde ho seg til aa fara til Amerika. Paa dei tider var det svært mange som reiste til Amerika fraa Vossebygderne.

Sumaren 1849 kom dei til Chicago, som den gongen ikkje var nokon storby. Der var alt fyrr nokre vossefolk, og millom deim gav Ingebjørg Kvilekvaal seg til eit aars tid. Der vart ho gift med vossingen Nils Grjotland, og etter han kalla senatoren seg Nelson.

Dei reiste so til Dane County i Wisconsin. Der var mange vatsvøringar fyrr, og der fekk Nils Grjotland seg farm, nyland som skulde baade rydjast og byggjast. Dei kalla garden sin Tangen.

Fyrstundes hadde dei det smaatt og trongt. Arbeid og stræv var det alltid. Og Knut maatte arbeida med paa farmen baade ute og inne.

I ei sovori nybygd er det ikkje so storfelt med skulestellet heller. Men ein slik gut som Knute Nelson tek seg fram um ikkje alt ligg so beint fyre. Mori lærde han aa lesa og ho var ogso fyrste læraren hans i religion. Snart fekk han seg tak i nokre bøker som han granska i alle fristunder. Og lærehugen minka ikkje av dette.

Eit par mil fraa heimen hans, i den vesle byen Alboin, var der ein noko betre skule. Nelson fekk gaa paa denne skulen mot aa hogga ved og gjera anna arbeid for skulestyraren. Det er fortalt at han drog nista med seg paa ein kjelke, daa han reiste heimianfraa.

I 1860 tok borgarkrigen til Amerika. Knut var daa berre 18 aar gamall. Men han skreiv seg straks inn som friviljug paa nordstatsida. Foreldri hans var storveges oppglødde for træle-frigjeringi, og mori skal ha sagt at ho gjerne vilde høvt 10 søner som ho kunde senda i kamp for denne gode saki. Nordmennene var elles mannjamt med i denne krigen, og dei gjorde ikkje skam paa landet vaart daa. Nelson vart med i kompani B av 4. Wisconsin Volunteers og stod under kaptein George Carter. Han tente fyrst som vanleg hermann og vart seinare underofficer. I 3½ aar var han i krigen, og han kom daa med i mang ei ota. Soleis var han med i stormen paa New-Orleans, i den fyrste umlægringi av Vicksburg, med i slaget ved Baton Rouge og i slaget ved Camp Bisland og med i umlægringi av Port Hudson. Der vart han noko særđ og sidan ogso fanga av fiendarne. Chefen hans, kaptein Carter vart ogso saara der. Dei tvo hermennene laag tett attmed ein annan, so dei kunde tala saman um framtidsvonerne sine. Dei trudde daa baae at det snart var ende paa deim. Men det gjekk ikkje so. Dei vart lækte, og seinare var dei vener all sin dag. Major Carter fylgde ofte med Nelson paa reiserne hans.

Ein gong hadde mange veteraner fraa Port Hudson-slagmarki ei stemna i St. Paul. Knute Nelson og major Carter var der og. Formannen i festnemdi heldt daa ein tale for Nelson og roste guvernøren i Minnesota, so det bar upp i høgdi.

Nelson tok daa straks ordet og sa:

„Eg lyt faa retta noko paa det De sa, hr. præsident: Dernede i riksbygningen er eg guvernør, men her ved dette høvet er eg korporal nr. 8, Nelson, og trur De meg ikkje, so kann De spyrja kompanichefen min, major Carter, som stend her.“

I 1865 vart det fred. Nelson gjekk daa attende til skulen og til bøkerne. Han las no rettslære, og alt i 1867 vart han autorisera sakfører. Men det var ikkje rettsstell eller sakførsla som skulde verta framtid i for Knute Nelson. Det var politikken. Alt i 1868 vart han vald inn i ligeslaturen for Wisconsin. Ligeslaturen er ein lovgjevande forsamling som nærmast svarar til stortinget hjaa oss.

I 1871 flytte han til Alexandria i Minnesota, og der hadde han sidan alltid heimen sin. Hausten 1872 vart han vald til statsadvokat for Douglas County, og fraa 1875 til 78 var han med i senatet for staten Minnesota. 1880 kom han med i det nationale kollegium som skulde fyrebu præsidentvalet, og han arbeidde og røysta daa for præsident Garfield.

I 1882 vart han av republikanarane vald inn i U. S. Kongres til representant for Minnesota, og attvald i 1884 og 1886. Han tente soleis i 6 aar i representanthuset i kongressen.

I 1892 vart han vald til guvernør for Minnesota.

Styraren av „Kringsjaa“, hr. Tambs Lyche, skreiv daa ei lang utgreiding um Amerika og Nelson i tidskriftet sitt. Han sette til yverskrift:

„Eit eventyr i vaare dagar um Askeladden som vann seg eit kongerike eller

den norskfødde præsidenten i Minnesota, Knute Nelson“.

Av denne utgreidingi hans skal me taka inn noko her:

„— — — Det gjekk so fort frametter med guten. 32 aar gamall vart han vald til stortingsmann i det

land han budde i, den amerikanske republikken Minnesota. Nokre aar etter sende landet han til Washington til maalsmann for seg i kongressen. I aari etter vart han uppatt vald med alltid auka røystetal.

Og no er guten vorten vald til øvstemann og chef i det nye landet sitt. Han er no præsident i Minnesota, den folkevalde kongen der. „Hans excellence guvernøren av Minnesota“, heiter han no. Han hev vunne sitt kongerike, han.

Seg so der ikkje er noko eventyr meir.

Knute Nelson er den fyrste nordmann som er styrar av eit heilt land sidan dei gamle kongarne livde, og sidan Ganger Rolvs tid er han den fyrste nordmann som er vorten herskar i eit framandt land. Men Knute Nelson hev gjort det betre enn Ganger Rolv. Han hev ikkje teke sitt land i len, han. Men han er sjølv den høgste mannen. Og landet hans er ikkje nokon provins av eit anna land, men eit sjølvstyrt og stort rike.

Minnesota er ein stat paalag so stor som England og Skotland til saman, og der bur no mest like mykje folk som i Noreg. Der er fleire store byar, soleis Minneapolis og St. Paul. Det er no alt ein av dei rikaste og viktugaste statarne i sambandet.

Som kjent er ikkje dei einskilde statarne nokon „administrativ inndeling“ av det store sambandsriket. Statarne er suveræne. Sambandet er ei samling av sjølvstyrde republikkar. Det er berre nokre sams saker og fyrelogor som fær si avgjerd i Washington av kongressen i sambandsstyret. Ni tiandepartar av styrenaden hev einskildstatarne i sine eigne hender. Og der hev sambandsstyret ikkje noko aa segja. Statarne er heilt og fullt sjølvraadige og sjølvstyrde.

Kvar stat hev sine eigne lover, sitt eigne storting, eigne styresmagter, eigne domstolar, eige skulestell, eige herstell o. a. Og chefen for styringsmagti eller

præsidenten i kvar stat hev den noko misvisande tittelen „guvernør“ — anten dette no er av historiske eller av tradisjonelle grunnar. Med guvernør meiner me oftast ein tilsett embættsmann, som stend under ei høgre styring og maa staa til svars for si verksemd. Men noko slikt tyder ikkje guvernørtittelen i Amerika.



Mor til Knute Nelson.

Der er han plent det same som ein præsident i Sveits eller i Frankrike. Guvernøren hev ikkje noko med sambandsriksstyret aa gjera, vert ikkje tilsett av dette eller lyder dette. Han vert vald av folket og er den høgste styresmakt i sin stat, præsidenten eller den

folkevalde kongen, umgjeven av eit statsraad. Og guvernøren i ein stat hev gjerne meir magt — um enn under beinveges personlegt andsvar — enn dei fleste konstitusjonelle fyrstar. Knute Nelson hev større magt og raadvelde som guvernør i Minnesota enn han vilde hava som konstitusjonel konge i Noreg. Han hev rett til aa gjeva naade, veto o. a. Den fatige bondeguten hev vunne meir enn prinsessa og det halve rike. Han hev vunne eit heilt.

Det er soleis enno dei tider at nordmenn kann fara til framande land og vinna seg rike der, stiga upp paa framande trunor og leggja glim um Noregs namn. Det er enno vikingeblood i nordmennerne, og det vert gjort vikingeferder no som fyrr. Men tiderne er umbytte, ferderne er onnorleis, og striden ein ny og betre. Ganger Rolv vann sitt jarledøme med sverd og ran, Knute Nelson sin præsidentstol med folkerøysting og tiltru.

Eg kjenner lite til den nye guvernøren i Minnesota og til dei politiske krafter, og umstodor som hev ført han fram. Men lat det vera kva det vil. Det er daa gledelegt og gildt aa sjaa at det enno er kraft — og herskarkraft i det norske blod, at nordmenn enno kann taka seg fram og fylla sitt rom verdi yver og paa alle livsens umkverve. Naar me tenkjer paa den stoda vaart vesle folk hev vunne seg millom nasjonarne no i vaare energiske, framskredne tider, trass i mange slag vanskar, so kann ein ikkje anna enn sjaa med undring og vyrdnad paa den nasjon ein høyrer til, og gleda seg yver og vera byrg av at ein høyrer til dette folket. Me hev i kvart fall ein diktar til — av dei store som er med og diktar verdssoga. — —

I 1894 vart Knute Nelson uppattvald til guvernør. Valstriden var denne gongen hard, so han rett fekk røynd seg og syna kva han dugde til som talar og agitator. Naar han den gongen tok so hardt i, var

Upp og fram me ser han skrida
til han stend som fyrstemann.
— Trottugt arbeid alltid førde
fram til nye, store maal
medan hug og dug han störde
med det seige vilje-staal.

Som ein Askeladd sin like
Knute Nelson nemnast bør:
Vunne hev han land og rike
— Minnesota-guvernør,
Alltid var det soleis at han
stod som mann for det han sa,
di dei mange aari sat han
senator i U. S. A.

* *

Enn òl Noreg sterke karar,
det er sant som det er sagt:
Noregsfolket det vil fara,
enn er norrøn aand ei magt.
Djerve folk med landnamsevner
som Leiv Eirikson det er
enn som ut fraa Noreg stemner
og i vesterviking fer.

Heimefolk her hev me dømme,
unge bygdegut sjaa npp!
Her me ser at dug og søme
føra kann til høgste topp.
— Me hev ogso land aa vinna,
me hev ogso maal aa naa,
me kann ogso lukka finna
og ei fager framtid faa!

Andres Bergo.

Gud signe vaart dyre fedraland,
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred fraa fjell til strand,
og vetter for vaarsol røma!
Lat folket som brøder saman bu,
som kristne det kann seg søma!

Vaart heimland i myrker lenge laag,
og vannkunna ljøset gøymde.
Men, Gud, du i naade til oss saag,
din kjærleik oss ikkje gløymde.
Du sende ditt ord til Norigs fjell
og ljøs yver landet strøymde.

Vil Gud ikkje vera bygningsmann
me faafengt paa huset byggja.
Vil Gud ikkje verja by og land,
kann vaktmann oss ikkje tryggja.
So vakta oss, Gud, so me kann bu
i heimen med fred og hyggja!

No er det i Norig atter dag
med vaarsol og song i skogen.
Um sædet enn gror paa ymist lag,
det brydder daa etter plogen.
So signe daa Gud det gode saad,
til groren ein gong er mogen!

E. Blix.

Gud signe Norigs land,
kvar heim, kvar dal og strand,
kvar lund og lid!
Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy,
han verje mann og møy
til ævleg tid!

Me fekk det høgt og fritt,
me fekk det vønt og vidt
med hav og fjell.
Det stend so trygt og godt,
det stend so reint og blaatt,
rett som eit gudeslott
med solskinstjeld.

I kjærleik varm og mild
me legg vaar vilje til,
daa veks det fram.
Daa fær det bløma blidt,
daa fær det spyrjast vidt,
og alltid standa fritt
for naud og skam.

Her stig det stort og blaatt,
vaart fagre heimlands slott
med tind og taarn.
Og som det ervdest ned
alt fagarar' led for led,
det byggjast skal i fred
aat vaare born.

Arne Garborg.

Tone: „I rosenlund under sagahal“.

Av gamle fædar me nordmenn fekk
i arv ein lengt til aa fara —
og gjennom tider som kom og gjekk
den ferdahug heve vara!
Og nordmanns to og nordmanns tru
av di vart kjende so vida —
at no til oss rekk ei tankebru
fraa Vesterheimens sida!

Kann vera — Noreg var hardfør mor

for mange av sine kara —,
men mot og tru fekk dei rik og stor
til yver bylgja aa fara!
Og landet langt der vest um hav
det tok mot ferdamenner
og skyna væl at — det — Noreg gav
var gode, sterke hender!

Men Knute reiste som liten gut
fraa desse Noriges dalar —,
og gullet var ingen ervelut —
som kunde for honom tala!
Men høge fjell og dalen trong
dei lagde staa i guten
og spaadde — han steig høgt ein gong
med denne eignaluten!

Og landet vestan den blaa „myr“
det tok og mot honom Knute,
men og eit glimande æventyr
steig upp kring mannen der ute!
Fraa dalar her, kor elvasus —
han steig til styressalar —!
I Sambandsstatarnes „Kvite hus“
dei lydde, naar han tala!

Til „Gamlelandet“ med fødestad
sveiv og imillom hans tankar —
og dalar, lidar med fjell og svad
i mannens minne seg sankar!
Det merkje bar paa nordmann stor —
daa bygdi att han gjesta —
at gamle skikkar og gamle ord
i hugen djupt var festa!

No kviler Knute der vest i jord —

men soga jamt honom nemner —
og gamle Noreg som rette mor
hans minne hjartaleg femner!
Ein bautastein i Noregs famn
fraa ætt til ætt skal bera —
hans andlitsdrag og hans byrge namn
til ogso Noregs æra!

Um tider skifter med von og tru
og kjem med vending og snunad —
statt like trufast vaar bauta — du
i same høgøynde bunad!
Til unge ætter tala du —
um rette to og gaavor —
som upp mot høgderne legg bru
so titt fraa laage støvor!

J. Styve.


Tone: Der er en rigdom.

No er det høgtid, no er det fest,
no lyser minni so klaare.
Han Knute Nelson der langt mot vest,
han fyller tankane vaare.
No minnast me hans store verk,
no vil me reisa merket.
Han var so gjæv, so god og sterk;
so takkar me for verket.

Han var ein mann av vaar eigi ætt,
han saag so ofte attende,
Han brann for alt som var sannt og rett,
fraa svikarferd han seg vende.
Her var hans heim, her livde han,
her vart han fødd og boren.
So for han ut og siger vann
som solskinsver um vaaren.

*Han trufast stod til sin siste dag,
og heimen aldri han gløymde.
Han lyfte høgt upp det norske flag,
sin elsk til Norge han gøymde.
Lat so hans minne liva daa
og lysa bjart kring landet,
og lat so merket signing faa;
me knyter broderbandet.*

A. Ullestad.



Knute Nelson-bautaen.



Vat-svøræ.

Tone: Kirken den er et gammelt hus.

Heimbygdi vaar fraa fjell til fjord	Evunga-vatnet laag so meint
med sine dalar og grender	alltid i vegen og stengde,
kjaraste staden er paa jord,	bygdi sitt auga, blaatt og reint,
vænaste ogso kann hende.	fram millom fjelli seg trengde.
Bygdi hev vill og sterk natur,	Fyrr daa var vatnet alkfarveg,
— brotta og berg og stein og ur	strending og vossing skunda seg
spreidt yver heile sitt lende.	framum paa byferd i mengde.

Her er det dal og skog og lid,	Vatnet det skil vel ikkje no
graafjell og knausar og horgje	daa det er vegar aa fara.
„Viten“ heldt vakt i gamall tid,	Nedantil ligg „fraa vats til sjo“
varsla um ufred i Norge.	enno dei gildaste gardar.
Kom det so krig og anna mein,	Ovantil vatnet likevel er
stengde dei av med stokk og stein,	midten og kyrkja, so at her
— fjell er dei sterkaste borgje.	samlar seg kvende og karar.

Fore me fyrr paa kyrkjeferd,
gjekk me dei milene lange,
møtte me her ei onnor verd,
storfeld og ny for mange.
Her var det mykje meir aa sjaa
enn det var der me kom ifraa,
me ifraa dalarne trange.

Teidalen ligg so djup og trang
gøymd millom toppar og tindar.
Vegen er god og flat og lang,
avstengd av tredive grindar.
Aa det er lett aa fara der
til det med eitt fraa Brekhus ber
upp millom ruster og rindar.

Eksingedalen, nei aa nei,
utantil haugar og heider!
Bergsdalen er kje fullt so leid
no han hev bilar og greider.
Likevel er det tungt og stridt
der ute i fjelli ofte tidt, —
sanning er det som eg segjer.

Folket hjaa oss er same slag,
alle er bønder aa kalla.

Køri er smaa og eins paalag,
arbeida det maa me alle.

Sparsemd og nøgsemd, arbeidstrott
finn ein hjaa alle, trangt og smaatt
likvel det ofte kann falla.

Kjære vaar heimbygd, her hjaa deg
avlidne ætter me møter,
hev, der dei gamle kviler seg,
heilagste jord under føter.
Framhald er me av deira liv,
her deira ande um oss sviv,
her hev me og vaare røter. —

Aa me er glade i bygd i vaar,
her vil me orka og stræva.
Byd ho oss ikkje rike kør,
hev ho daa anna aa gjeva:
Bygd i og me er liksom eitt,
heimen er her, og det er greidt,
heime er tryggast aa liva!

D.



[Andres Borge]

KENTLE MIELSON

DOES 1924